

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 849/2012

2017/EØS/42/12

av 19. september 2012

**om godkjenning av preparatet av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppfôringskjuklingar, livkjuklingar, alle mindre utbreidde fuglearter meinte for oppfôring og egglegging, og avvande svin (*Suidae*) bortsett frå *Sus scrofa domesticus* (inneharar av godkjenninga: Vetagro SpA)(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av eit preparat av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» av eit preparat av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppfôringskjuklingar, livkjuklingar, alle mindre utbreidde fuglearter meinte for oppfôring og egglegging, og alle mindre utbreidde artar av svin (avvande).
- 4) Bruken av preparatet av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin vart godkjend for eit tidsrom på ti år som tilsetjingsstoff i fôrvarer for avvande smågrisar ved kommisjonsforordning (EU) nr. 1117/2010<sup>(2)</sup>.
- 5) I ei fråsegn av 25. mai 2012<sup>(3)</sup> slo Den europeiske styresmakta f or næringsmiddeltryggleik (heretter kalla

«Styresmakta») fast at det preparatet av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som er ført opp i vedlegget, under dei framlagde bruksvilkåra ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at dette tilsetjingsstoffet kan betre ytinga hjå den aktuelle målarten. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

6) Vurderinga av preparatet viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhøyrer kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «andre avlstekniske tilsetjingsstoff», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. september 2012.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunnngjord i EUT L 253 av 20.9.2012, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 32/2013 av 15. mars 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 29.8.2013, s. 5.

<sup>(1)</sup> TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

<sup>(2)</sup> TEU L 317 av 3.12.2010, s. 3.

<sup>(3)</sup> *EFSA Journal* (2012), 10(5):2670.

VEDLEGG

| Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet | Namnet til innehavaren av godkjenninga | Tilsetjingsstoff | Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode | Dyreart eller dyregruppe | Høgste alder | Lågaste innhald                           | Høgste innhald | Andre føresegner | Godkjenninga gjeld inntil |
|------------------------------------------------|----------------------------------------|------------------|--------------------------------------------------------|--------------------------|--------------|-------------------------------------------|----------------|------------------|---------------------------|
|                                                |                                        |                  |                                                        |                          |              | mg/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 % |                |                  |                           |

**Kategori: avlstekniske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: andre avlstekniske tilsetjingsstoff (betring av avlstekniske parametar).**

|      |             |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                |   |       |   |                                                                                 |                  |
|------|-------------|-------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|---|-------|---|---------------------------------------------------------------------------------|------------------|
| 4d 3 | Vetagro SpA | Preparat av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin | <p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Preparat av verna mikroperler som inneheld sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin med minst:</p> <p>Sitronsyre: 25 g/100 g</p> <p>Sorbinsyre: 16,7 g/100 g</p> <p>Tymol: 1,7 g/100 g</p> <p>Vanillin: 1 g/100 g</p> <p><i>Karakteristikk av dei aktive stoffa</i></p> <p>Sitronsyre C<sub>6</sub>H<sub>8</sub>O<sub>7</sub> (reinleik ≥ 99,5 %)</p> <p>2-hydroksy-1,2,3-propantrikarboksylysyre, CAS-nummer 77-92-9 vassfri</p> <p>Sorbinsyre C<sub>6</sub>H<sub>8</sub>O<sub>2</sub> (reinleik ≥ 99,5 %)</p> <p>2,4-heksadiensyre, CAS-nummer 110-44-1</p> <p>Tymol (reinleik ≥ 98 %)</p> <p>5-metyl-2-(1-metyletyl)fenol, CAS-nummer 89-83-8)</p> <p>Vanillin (reinleik ≥ 99,5 %)</p> <p>4-hydroksy-3-metoksybenzaldehyd, CAS-nummer 121-33-5)</p> <p><i>Analysemetodar<sup>(1)</sup></i></p> <p>Fastsetjing av sorbinsyre og tymol i förvarer: omvendt fase høgtrykksvæskromatografi kombinert med UV-/diodearraypåvising (RP-HPLC-UV/DAD). Fastsetjing av sitronsyre i</p> | Oppføringskjuklingar og livkjuklingar                          | — | 200   | — | Tryggleikstiltak: pustevern, briller og hanskar skal nyttast under handsaminga. | 10. oktober 2022 |
|      |             |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Mindre utbreidde fuglearter meinte for oppføring og egglegging | — | 1 000 | — |                                                                                 |                  |
|      |             |                                                       | <p>Avvande svin (<i>Suidae</i>)</p> <p>bortsett frå <i>Sus scrofa domesticus</i></p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                |   |       |   |                                                                                 |                  |

| Identi-<br>fikasjons-<br>nummeret til<br>tilsetjings-<br>stoffet | Namnet til<br>innehavaren av<br>godkjenninga | Tilsetjingsstoff | Samansetnad, kjemisk formel, forklaring,<br>analysemetode                                                                                                                                                                                         | Dyreart eller<br>dyregruppe | Høgste alder | Lågaste<br>innhald                           | Høgste<br>innhald | Andre føresegner | Godkjenninga gjeld<br>inntil |
|------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------|------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------|--------------|----------------------------------------------|-------------------|------------------|------------------------------|
|                                                                  |                                              |                  |                                                                                                                                                                                                                                                   |                             |              | mg/kg fullfôr med eit<br>vassinnhald på 12 % |                   |                  |                              |
|                                                                  |                                              |                  | tilsetjingsstoffet og premiksane: (RP-HPLC-<br>UV/DAD). Fastsetjing av sitronsyre i<br>fôrvarer: påvising av enzym i<br>sitronsyreinnhaldet – spektrometrisk metode<br>ved hjelp av NADH (ei redusert form av<br>nikotinamid-adenin-dinukleotid). |                             |              |                                              |                   |                  |                              |

(<sup>1</sup>) Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: [http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL\\_feed\\_additives/Pages/index.aspx](http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx)